

Årsmelding frå Friidrettsgruppa

2023

Oppsummert har 2023 vore eit år med lite aktivitet. Det har ikkje vore noko fungerande styre i friidretten i 23.

Aktivitet

Det er fleire som deltek i løp, både i aktiv gruppe og i mosjonsklassane. EIL deltek kvart år med ein liten gruppe i RettVest/Floramila. Det er nokre som deltek i løp av nasjonal storleik som Birkenløpet og Bergen fjellmaraton.

Friidrettgruppa tok del i Allidretten våren 23. Det var to treningar, ein i hallen og ein på stadion. Kjekt å vise fram nokre av aktivitetane som en kan gjere i friidrett. Stille lengde og tresteg var populært . Diverre er det vanskeleg å få tak i trenarar for dei yngre.

Friidretten er to gongar invitert inn til å delta i allidretten, på noko kort varsel. Friidretten vart ikkje invitert med då fordeling av haltid var gjort hausten 23. Då vert det så som så med motivasjonen for å dra noko i gang for dei yngre. Vi treng å få trenarar som kan ta ansvar for trening for dei yngre.

Vegen vidare

Det må på plass eit styre som kan gjere nokre vegval for friidretten i Eikefjord IL. Det nye styret må ta stilling til kva aktivitetar skal vi satse på vidare og kva nivå skal vi legge oss på eller skal friidrettsgruppa leggast ned som eigen gruppe. Nokre punkt som bør drøftast er

- Det er nokre aktive som er avhengig at å ha lisens frå friidrettsforbundet for å delta på arrangement på krins og nasjonalt nivå. Korleis kan EIL ivareta dette ansvaret
- Få etablert løpegruppe for dei eldre og friidrettstrening for dei yngre.
- Tur og trim er og del av friidretten nasjonalt, kan vi sjå på moglegheit til å inkludere andre aktivitetar i ein friidrettsgruppe.
- Etablere samarbeid for dei minste med andre friidrettslag for å skape eit friidrettsmiljø for dei som ønskjer å vere i eit større treningsfellesskap.